

TILTAKSBRUK FOR UNGE ARBEIDSSØKJARAR

Av Jorunn Furuberg og Sigrid Myklebø

Samandrag

Arbeidslause under 20 år kjem langt oftare i tiltak enn eldre ungdommar, og det er meir sannsynleg at ein kjem i tiltak dess yngre ein er. Dei arbeidslause i alderen 20–24 år har høgare sannsyn for å koma i tiltak enn eldre arbeidslause. Rettleiarar ved NAV fortel at dei prioriterer dei yngste for tiltak, i tillegg til dei som søker om økonomisk sosialhjelp og langtidsledige med tiltaksgaranti.

Svært få unge under 20 år vert langtidsledige. Prosentdelen langtidsledige i alderen 20–24 år er høgast når det er nedgangskonjunktur, og i 2009 gjaldt dette 11 prosent av dei arbeidslause. Det vart innført ein tiltaksgaranti for langtidsledige i aldersgruppa 20–24 år i 2009, og vi ser at fleire av dei langtidsledige i denne gruppa tok del i tiltak i 2009 enn i 2006 og 2002.

Ikkje alle unge arbeidssøkjjarar får tilbod om tiltaksplass, og det er heller ikkje alle som har behov for det. Dei unge tiltaksdeltakarane er kjenneteikna ved at dei har låg formell utdanning og lite arbeidserfaring. Blant tiltaksdeltakarane under 20 år har så å seia ingen fullført vidaregåande opplæring, og samanlikna med dei heilt arbeidslause i same aldersgruppe har langt færre ei formelt godkjent utdanning. I aldersgruppa 20–24 år har òg tiltaksdeltakarane lågare formell utdanning enn gjennomsnittet for folkemengda i si aldersgruppe, men forskjellane mellom dei heilt arbeidslause og tiltaksdeltakarane er ikkje like stor som blant dei yngste. For tiltaksdeltakarar i begge aldersgrupper gjeld det at langt færre har arbeidserfaring samanlikna med dei heilt arbeidslause.

Dei fleste unge som kjem i tiltak har vore arbeidslause i kort tid før dei startar i tiltak. Blant ungdom under 20 år som startar i tiltak har seks av ti vore arbeidslause mindre enn fire veker. Rettleiarar ved NAV meiner det er viktig at dei unge kjem raskt i aktivitet, blant anna for at dei ikkje skal verta vande med å få pengar frå NAV utan å gjera noko for det. I tillegg er det viktig å ha noko å gå til. Brukarar som har rus- eller psykiske problem kan fort verta dårlegare dersom dei vert gåande lenge utan å koma i aktivitet. Manglande tilbod om lågterskeltiltak og ressurs-situasjonen ved NAV-kontora, gjer at ikkje alle kjem så raskt i aktivitet som ynskjeleg.

Arbeidspraksis er det vanlegaste tiltaket for ungdom under 20 år, medan opplæringstiltak er det vanlegaste for aldersgruppa 20–24 år. Rettleiarar ved NAV meiner at arbeidspraksis er det beste tiltaket for mange, fordi det gjev nyttig arbeidserfaring og fordi det er lett tilgjengeleg. Lønstilskot er òg eit svært nyttig tiltak, men dette er vanskelegare å få til enn arbeidspraksis, fordi det krev at arbeidsgjevar er viljug til å tilsetja personen. Det er få arbeidsgjevarar som ynskjer å tilsetja personar utan utdanning og arbeidserfaring.

Nytteverdien av tiltak er avhengig av at behovet til brukaren er godt avklara og at han/ho har fått god rettleiing og informasjon på førehand. Rettleiarar ved NAV meiner at nokre av dei viktigaste årsakene til fråfall frå tiltak er at brukarane har vorte sende i feil tiltak, at dei ikkje er motiverte og at dei ikkje har fått nok informasjon. Det som fyrst og fremst hindrar rettleiarane i å gjera ein betre jobb, er at dei har for lite tid til å følgja opp kvar enkelt brukar. Mange meiner òg at rammestyrt av tiltaksmidla og førehandskjøpte tiltaksplassar som må fyllast opp hindrar dei i å gjera jobben sin med å finna rett tiltak til den enkelte brukaren.

Innleiing

Mange unge opplever ein periode med arbeidsløyse før dei får etablert seg på arbeidsmarknaden. For dei fleste ungdommar er arbeidsløysa kortvarig, men i nedgangskonjunkturar vil mange unge gå lenger ledige før dei kjem ut i arbeid. Det er politisk semje om at arbeidsløyse kan vera særleg skadeleg for unge som ikkje er etablerte i arbeidslivet. Langvarig arbeidsløyse kan føra til vanskar med å koma inn på arbeidsmarknaden og kan vera starten på ein trygdekarriere. Difor har ungdom lenge vore ei prioritert gruppe hos NAV. Ungdomsgarantien, som skal sikra arbeidsmarknadstiltak for arbeidslause under 20 år, vart innført frå slutten av 1970-talet. I 2007 vart det innført ein garanti om utvida oppfølging for unge i alderen 20–24 år som har gått ledige i tre månader eller meir, og frå 2009 vart det innført ein tiltaksgaranti for langtidsledige i denne aldersgruppa. Hardoy m. fl. (2006) har vist at ein forsterka tiltaksinnsats retta mot arbeidslause unge i alderen 20–24 år som hadde vore ledige i minst seks månader bidrog til auka deltaking i arbeidsmarknadstiltak og raskare overgang til jobb for målgruppa.

Sjølv om ungdom er ei prioritert gruppe når det gjeld arbeidsmarknadstiltak, er det ikkje slik at alle unge får tilbod om tiltaksplass. Mange unge er arbeidslause berre ein kort periode og har ikkje behov for arbeidsmarknadsstiltak. I tillegg er tiltaksplassar ein avgrensa ressurs. Dale-Olsen og Schøne (2006) skriv at frontlinja har stor betydning for effekten av tiltak, fordi det er viktig at målgruppa for ulike tiltak vert valt ut på ein god måte for at tiltaka skal ha effekt. I denne artikkelen vil vi sjå på NAV sin bruk av arbeidsmarknadstiltak for ungdom frå to synsvinklar: Kva erfaringar har rettleiarar i NAV med bruk av arbeidsmarknadstiltak for dei unge, og kva kan data frå NAV sine register fortelja om ungdom som tek del i arbeidsmarknadstiltak?

I arbeidet har vi brukt to ulike metodiske tilnærmingar. Vi har gjort ein kvantitativ analyse av tiltaksbruk blant unge som vart ledige i 2002, 2006 og 2009, og gjennomført ei kvalitativ intervjuundersøking blant NAV-tilsette som jobbar med oppfølging av unge arbeidssøkjjarar. Resultata frå

desse analysane vart fyrste gong publisert i Arbeid og velferd nr. 1/2012 (Furuberg 2012 og Myklebø 2012). Den fyrstnemnte tilnærminga er ein registerbasert analyse, der vi blant anna ser nærare på kva som kjenneteiknar dei unge som kjem på arbeidsmarknadstiltak samanlikna med dei som ikkje kjem i tiltak i løpet av den perioden dei er arbeidslause. Datautvalet til denne analysen er all ungdom under 25 år som registrerte seg som arbeidslause hos NAV i løpet av åra 2002, 2006 og 2009. Desse åra er valt for å samanlikna ungdom som vart arbeidslause i etterkant av finanskrisa (2009) med ungdom som vart arbeidslause i ein oppgangskonjunktur (2006) og førre nedgangskonjunktur (2002). Vi har opplysningar om desse ungdommane gjennom perioden som arbeidslaus, og følgjer dei i maksimum eitt år. For ei nærare utgreiing om data og utval viser vi til «Unge som blir arbeidslause» i Arbeid og velferd nr. 1/2012.

Intervjuundersøkinga vart gjennomført som gruppeintervju med rettleiarar ved 24 ulike NAV-kontor våren 2011. Utvalet av NAV-kontor vart gjort for å få best mogeleg spreining med omsyn til kommunanes geografiske plassering, sentralitet, storleik, næringsstruktur og arbeidsløysenivå. Rettleiarane som vart intervjuar jobba med oppfølging av unge arbeidssøkjjarar. Formålet med intervjuar var å få fylldig og omfattande informasjon om korleis NAV følgjer opp unge arbeidssøkjjarar, og innsikt i rettleiaranes erfaringar med dette arbeidet. For ei nærare utgreiing om korleis


Garantiordningar

Ungdomsgarantien: Unge under 20 år som er arbeidsledige eller utan skoleplass skal få tilbod om arbeidsmarknadstiltak. Denne garantien vart innført i 1979.

Tiltaksgarantien: Unge i alderen 20–24 år som har vore samanhengande ledige i seks månader eller meir skal få tilbod om arbeidsmarknadstiltak. Garantien vart innført i 2009.

Oppfølgingsgarantien: Unge i alderen 20–24 år som har vore ledige i meir enn tre månader skal få individuelt tilpassa oppfølging frå NAV med fokus på jobbsøking og eigenaktivitet. Denne garantien vart innført i 2007.

Figur 1. Unge som vart arbeidslause i 2002, 2006 og 2009 og som kom i arbeidsmarknadstiltak, etter alder. Prosent



Kjelde: NAV

intervjuundersøkinga er gjennomført og korleis data er analysert, viser vi til «Unge arbeidssøkere – hvem er de, og hva slags oppfølging trenger de fra NAV?» i Arbeid og velferd nr. 1/2012.

Problemstillingane vi vil sjå nærare på i artikkelen er:

- Korleis er forholdet mellom talet på og behovet for tiltaksplassar, og kva for brukarar vert prioriterte for tiltak?
- Kor raskt kjem unge arbeidssøkjjarar i tiltak, og er dette raskt nok?
- Kva for tiltak er mest brukt, og kvifor?
- Kor godt er tiltaka i NAV tilpassa brukaranes og arbeidsmarknadens behov?
- Kva for rolle spelar økonomiske stønader for unge tiltaksdeltakarar?
- Kor vanleg er det å droppa ut frå tiltak, og kva er årsakene til fråfallet?

Denne artikkelen handlar om ungdom under 25 år som er ordinære arbeidssøkjjarar og som har behov for ekstra innsats i form av til dømes arbeidsmarknadstiltak for å koma i arbeid eller utdanning. Svara frå informantane i intervjuundersøkinga kan likevel til ein viss grad gjelda

både unge med og utan nedsett arbeidsevne, sidan nokre av informantane i intervjuundersøkinga arbeider med begge gruppene. Med nedsett arbeidsevne meiner vi her nedsett evne til å møta dei krav som vert stilte i arbeidslivet.

Kva for grupper vert prioriterte for tiltak?

Dei ulike garantiordningane som gjeld unge arbeidslause er politiske målsetjingar, ikkje lovfesta rettar. Mange unge er arbeidslause berre i kort tid, slik at tiltak ikkje er aktuelt. Omfanget av arbeidsmarknadstiltak er kvart år styrt av løyvingar frå Stortinget. Figur 1 viser at langt fleire unge, særleg dei i alderen 20–24 år, kom i tiltak i 2009 samanlikna med 2002 og 2006. I etterkant av finanskrisa hausten 2008 auka arbeidsløysa raskt og tiltaksnivået vart trappa opp.

Tiltaksintensiteten¹ for 2009 viser at blant alle som registrerte seg som arbeidslause hos NAV i 2009,

¹ Baserer seg på tal for årsgjennomsnittet over ordinære tiltaksdeltakarar dividert på summen av ordinære tiltaksdeltakarar og heilt arbeidslause.

Tabell 1. Langtidsledige og langtidsledige i tiltak blant ungdom som vart arbeidslause i 2002, 2006 og 2009, etter alder. Absolutte tal og prosent

	2002		2006		2009	
	under 20 år	20–24 år	under 20 år	20–24 år	under 20 år	20–24 år
Langtidsledige i alt	756	4164	435	2137	713	4381
Langtidsledige i prosent av alle ledige	4 %	10 %	3 %	7 %	4 %	11 %
Langtidsledige i tiltak i løpet av arbeidssøkjjarperioden	144	650	119	491	250	1199
Langtidsledige i tiltak i prosent av alle langtidsledige	19 %	16 %	27 %	23 %	35 %	27 %

Kjelde: NAV

kom om lag 19 prosent i tiltak. Tiltaksintensiteten er klart høgast blant dei under 20 år, men òg aldersgruppa 20–24 år har høgare tiltaksintensitet enn dei eldre aldersgruppene (NAV 2012).

Figur 1 stadfestar at dei yngste er prioriterte når det gjeld arbeidsmarknadstiltak. Arbeidslause under 20 år kjem langt oftare i tiltak enn dei eldre ungdommane, og sannsynet for å få ein tiltaksplass er høgare dess yngre ein er. Dette gjeld for alle åra vi har med i vårt datamateriale. Unge arbeidslause som kjem rett frå grunnskolen (15-åringane) er unnataket. Svært få ungdommar vert arbeidslause før dei fyller 16 år, og truleg er skoleplass vel så aktuelt som tiltak for denne gruppa.

Tabell 1 viser kor mange ungdommar i vårt datautval som vart langtidsledige² i løpet av den perioden dei var arbeidslause. Svært få av ungdommane under 20 år som vart arbeidslause i dei aktuelle åra vart langtidsledige. Prosentdelen av dei langtidsledige under 20 år som var i tiltak i løpet av arbeidssøkjjarperioden, auka frå 19 prosent i 2002 til 35 prosent i 2009.

Tabell 1 viser at prosentdelen som vart langtidsledige i aldersgruppa 20–24 år er høgast i dei to åra med nedgangskonjunktur (2002 og 2009). Flest vart langtidsledige i 2009, då 11 prosent av dei som vart arbeidslause i denne aldersgruppa

vart langtidsledige i løpet av det fyrste året etter at dei vart arbeidslause. Prosentdelen av dei langtidsledige som var i tiltak i løpet av det fyrste året dei var arbeidssøkjjarar var høgast i 2009, året då tiltaksgarantien for denne gruppa vart innført.

Korleis er forholdet mellom tiltaksplassar og behovet?

Løyvingar til tiltaksplassar er rammestyrt frå Stortinget, noko som tyder at talet på plassar er fast. Arbeids- og velferdsdirektoratet fordeler dei tilgjengelege tiltaksplassane til kvart fylke. Vi spurde informantane i intervjuundersøkinga om korleis dei oppfattar forholdet mellom talet på tilgjengelege tiltaksplassar og behovet, blant anna med tanke på å oppfylle tiltaksgarantien og ungdomsgarantien.

Informantane hadde ulike oppfatningar om dette. Det er ein liten tendens til at tilsette ved dei mest sentrale kontora meiner at dei har for få tiltaksplassar, samanlikna med tilsette ved dei mindre sentrale kontora. Det er òg ein svak tendens til at NAV-tilsette i kommunar med middels høg arbeidsløyse (2,1–2,9 %, per mai 2011) i større grad meiner at dei har for få tiltaksplassar, samanlikna med tilsette i kommunar som har høgare eller lågare arbeidsløyse. Vidare er det ein liten tendens til at tilsette ved kontor som har eigne ungdomsrettileiarar i større grad fortel at dei har for få plassar enn kontor utan eigne ungdomsrettileiarar. Når det er for få tiltaksplassar samanlikna med behovet, fører det til at ventetida for å koma i gang med tiltak kan verta lang. Dette kan vera uheldig for ein del av brukarane.

² Langtidsledig er definert som at ein er arbeidslaus og har vore samanhengande arbeidslaus dei siste 26 vekene.

«Mange vert søkt inn til arbeidsmarknadstiltak og vert ståande i kø i eitt år. Da vert dei dårlegare og dårlegare, og treng tyngre tiltak enn dei fyrst trong» (stort bydelskontor).

Fleire av informantane syntest det var dumt at det er talet på tiltaksdeltakarar som tel, i staden for at ein kunne ta omsyn til kor mykje tiltaksplassen kostar og om det er eit heiltids- eller deltidstiltak. Dersom ein person er inne på praksisplass éin dag per veke, så tel dette som éin tiltaksplass. Ein kan ikkje fylle opp dei andre vekedagane med andre personar, fordi kvar enkelt person tel som ein tiltaksplass.

Andre informantar sa at dei har nok plassar, men at det kan verta mangel på pengar. NAV Fylke fordeler tiltaksmiddel mellom NAV-kontora, og dersom det er tilgjengelege tiltaksmiddel i fylket elles, kan NAV Fylke omfordela tiltaksmiddel mellom NAV-kontor. Nokre av informantane fortel at det brukar å gå greitt om dei overforbrukar litt, så lenge dei har gode grunnar. Andre synest det er frustrerende og vanskeleg å ta omsyn til tiltaksbudsjettet.

Intervjuar: «Er det sånn [...] mange gonger at ein må seia 'Nei, vi har ikkje pengar til å...'?»

Informant: «Eg trur jo ikkje vi har behøvd å gjera det. Dersom vi skulle følgd malen, så skulle vi gjort det, men vi veit av erfaring, vi som har jobba i Aetat, at når det kjem til slutten av året, så er det pengar» [...] Så vi køyrer i grunnen på» (middels stort distriktskontor, Austlandet).

Nokre meiner rammestyringa medfører at dei ikkje alltid får gjort jobben sin på ein god måte, fordi det er budsjettet, og ikkje brukarens behov, som avgjer kva dei kan tilby av tiltak. På den andre sida vart det òg nemnt at ei viss budsjetttramme kan vera bra, fordi ein da vert tvinga til å prioritera dei som har mest nytte av tiltak. For nokre brukarar kan tiltaksdeltaking føre til ein «innlåsingseffekt», ved at deltakaren ynskjer å fullføra tiltaket og dermed dempar jobb-

søkjeaktiviteten så lenge tiltaket varer. Denne effekten er sterkast for arbeidssøkjjarar med gode sysselsetjingssjansar (Dale-Olsen og Schøne 2006).

Informantane fortel òg om førehandskjøpte tiltaksplassar som må fyllast opp. Det varierer mellom dei ulike kommunane kor stor del av tiltaksplassane som er bunde opp i førehandskjøpte tiltaksplassar. Ein del av informantane fortel at dei mot slutten av året kan få beskjed om at ledige plassar må fyllast opp. Da må ein prøva å finna brukarar som kan ta kurset, i staden for at ein vurderer den enkelte brukarens behov. Førehandskjøpte tiltaksplassar bind opp plassar som kunne vore brukt andre stader.

Små kjønnsforskjellar i tiltaksdeltaking blant unge


Uansett konjunkturtilhøve er mennene i fleirtal blant dei arbeidslause, og prosentdelen menn er høgast når det er nedgangskonjunktur. I 2009 utgjorde menn 62 prosent av dei som vart arbeidslause i alderen 20–24 år (Furuberg 2012). Blant dei arbeidslause i alderen 20–24 år er det litt fleire menn enn kvinner som tek del i tiltak. I 2009 var 20 prosent av dei arbeidslause mennene og tilsvarande 18 prosent av kvinnene tiltaksdeltakarar.

Unge med innvandrarbakgrunn

Personar med innvandrarbakgrunn, uansett alder, er ei prioritert gruppe for arbeidsmarknadstiltak. Dette fordi personar med innvandrarbakgrunn er ei utsett gruppe på arbeidsmarknaden. Figur 3 viser at prosentdelen i tiltak blant arbeidslause i alderen 20–24 er høgare blant dei med innvandrarbakgrunn enn blant ikkje-innvandrarar, men denne forskjellen er mindre i 2006 og i 2009 enn i 2002. Med innvandrarbakgrunn reknar vi at ein anten har innvandra sjølv, eller er fødd i Noreg av foreldre som begge er fødte i utlandet.³ Blant


³ Definisjonen av innvandrarbakgrunn er ikkje heilt i samsvar med Statistisk sentralbyrå (SSB) sin definisjon av person med innvandrarbakgrunn. For å falla inn under SSB sin definisjon må ein i tillegg ha fire besteforeldre som er fødte i utlandet.

Figur 2. Prosentdelen av dei unge som vart arbeidslause i løpet av året som kom i tiltak, etter år, kjønn og alder




Kjelde: NAV

Figur 3. Prosentdelen av dei unge som vart arbeidslause i løpet av året som kom i tiltak, etter år, innvandrerbakgrunn og alder



Kjelde: NAV

Figur 4. Prosentdelen av dei unge som vart arbeidslause i løpet av året som kom i tiltak, etter år, arbeidserfaring og alder



Kjelde: NAV

Tabell 2. Høgaste fullførte utdanning etter alder 2009. Heile folkemengda (årsgjennomsnitt), registrerte arbeidslause (4. kvartal) og ordinære tiltaksdeltakarar (4. kvartal)

		Grunn- skole	Vidaregåande skole	Universitet og høgskole	Uoppgitt eller inga fullført utdanning	Sum
16 - 19 år	Folkemengda	85 %	12 %	0 %	3 %	100 %
	Heilt arbeidslause	90 %	0 %	0 %	9 %	100 %
	Ordinære tiltaksdeltakarar	84 %	0 %	0 %	16 %	100 %
20 - 24 år	Folkemengda	29 %	50 %	15 %	6 %	100 %
	Heilt arbeidslause	68 %	22 %	1 %	9 %	100 %
	Ordinære tiltaksdeltakarar	70 %	18 %	1 %	10 %	100 %

Kjelde: SSB og NAV

dei som vart arbeidslause i alderen 20–24 år i 2002 kom 16 prosent av dei med innvandrarbakgrunn i tiltak, mot 8 prosent av dei utan innvandrarbakgrunn. I 2009 kom 25 prosent av dei arbeidslause med innvandrarbakgrunn i denne aldersgruppa i tiltak, medan tilsvarande tal for ikkje-innvandrarar var 18 prosent. Blant unge under 20 år er det ikkje nokon klar samanheng mellom innvandrarbakgrunn og tiltaksdeltaking.

Ungdom utan arbeidserfaring er prioriterte for tiltak

Arbeidserfaring er ein viktig del av kvalifikasjonane til arbeidssøkjjarar. Arbeidserfaring gjev viktig kunnskap som ein ikkje kan få gjennom utdanning. I tillegg gjev det høve til å skaffa seg referansar. Mange unge har lite arbeidserfaring, og dette kan gjera det vanskeleg å finna arbeid. Ei av målsetjingane for tiltak for unge er å gje dei med lite arbeidserfaring praksis frå arbeidslivet og dermed styrkja kvalifikasjonar. Figur 4 viser at ungdom utan arbeidserfaring oftare kjem i tiltak enn ungdom som har vore i arbeid tidlegare. Dette gjeld uansett aldersgruppe, og alle åra vi har med i vårt datautval. Arbeidserfaring er her definert som at ein er registrert med minimum eit tidlegare arbeidstilhøve i Arbeidsgjevar- og arbeidstakarregisteret.

Unge tiltaksdeltakarar har lite formell utdanning

Tabell 2 viser at unge arbeidslause har lågare utdanningsnivå enn gjennomsnittet i folkemengda i si aldersgruppe.⁴ I tillegg viser tabellen at dei unge som kjem i arbeidsmarknadstiltak har lågare utdanning enn dei som er arbeidslause. Dette tyder på at ungdom med lite utdanning er prioriterte når det gjeld arbeidsmarknadstiltak.

Blant all ungdom under 20 år har 12 prosent fullført vidaregåande opplæring.⁵ Blant dei arbeidslause og blant tiltaksdeltakarane i denne aldersgruppa gjeld dette mindre enn ein prosent. Ungdom med uoppgjeve eller inga fullført formell utdanning er overrepresenterte blant dei arbeidslause i denne aldersgruppa med 9 prosent, mot 3 i folkemengda. Blant tiltaksdeltakarane havnar heile 16 prosent i denne kategorien.

⁴ NAV har ikkje data over fullført utdanning på individnivå. Tabellen viser tal frå SSB over behaldninga heilt arbeidslause og ordinære tiltaksdeltakarar i 2009. Tal for folkemengda er årsgjennomsnitt, medan tal for heilt arbeidslause og tiltaksdeltakarar er frå 4. kvartal.

⁵ Berre 18- og 19-åringane er gamle nok til å kunna ha fullført vidaregåande opplæring.

I aldersgruppa 20–24 år har langt færre av dei arbeidslause og tiltaksdeltakarane fullført vidaregåande opplæring, samanlikna med gjennomsnittet i denne aldersgruppa, og det er òg langt færre som har fullført høgare utdanning. I denne aldersgruppa har tiltaksdeltakarane òg lågare formell utdanning enn dei heilt arbeidslause, men forskjellane mellom desse to arbeidssøkjargruppene er mindre her enn blant dei under 20 år.

NAV prioriterer dei yngste og dei som står lengst frå arbeidsmarknaden

Unge utan arbeidserfaring og formell utdanning vert prioriterte for tiltak. Som omtalt i tidlegare artikkel (Myklebø 2012), er det stort sett dei utan fullført vidaregåande opplæring og utan arbeidserfaring som treng oppfølging frå NAV. Unge arbeidssøkjjarar som har fullført utdanning og/eller tent opp rett til dagpengar er i større grad sjølvgåande, og vert ikkje prioriterte for oppfølging eller tiltak i fyrste omgang.

Vi spurde informantane i intervjuundersøkinga om kva for brukargrupper som vert prioriterte for tiltak dersom det er knapt med tiltaksplassar. Mange fortalde at det spesielt er unge som framleis har rett til vidaregåande opplæring som vert prioritert. Fleire fortel òg at dei som har søkt om økonomisk sosialhjelp vert prioritert. I tillegg prioriterast langtidsledige unge med tiltaksgaranti. Ein del av informantane i intervjuundersøkinga fortel at det er litt opp til kvar enkelt saksbehandlar å avgjera kva for brukarar som skal prioriterast til kva for tiltak, og at ein må vurdere ulike kriterium opp mot ein annan i kvar enkelt sak.

I₁: «Ein ser jo på erfaringar og kva dei har vore igjennom, om dei har hatt mykje stopp – der vi ser at dei ikkje har nokon moglegheit for å gå ut sjølv på den opne arbeidsmarknaden og skaffa seg ein sesongjobb eller ein sommarjobb»

I₂: «Vi som jobbar med sosialhjelp, vi har jo ein søknadsbunke som er kjempediger, men vi snappar ut dei her som er heilt yngst med ein gong dei kjem i posthylla. [...] Eg har jo ein tre vekers

frist på å handsama søknadane mine, men dei tek eg med ein gong, fordi at 'Bort! Vekk!'. Og det fungerer utruleg bra» (middels stort bykontor, Nord-Noreg).

Nokre seier at i staden for å prioritera mellom grupper prøver dei å bruka rimelege tiltaksalternativ, slik som arbeidspraksis.

«Dersom det er lite tiltaksmiddel eller -plassar, så er det jo slik at arbeidspraksis er eit veldig rimeleg tiltak. Der køyrer vi på, og har aldri stoppa. Det vi òg har gjort i staden for å prioritera så sterkt mellom grupper, det er å forhandla fram billegare månadsverksprisar i tiltaka – for eksempel lønstilskot, prøvd å få det ned slik at vi får betre økonomi og skapar fleire tiltaksplassar» (middels stort bykontor, Vestlandet).

Når kjem dei unge i tiltak, og kva er rett tidspunkt?


Dei fleste som kjem i tiltak har vore arbeidslause i kort tid

Figur 5 viser kor lenge dei som startar i tiltak har vore registrerte som heilt arbeidslause før dei startar i arbeidsmarknadstiltak. Figuren er basert på summen av dagar som heilt arbeidslaus i løpet av inneverande arbeidssøkjjarperiode. Ungdom under 20 år kjem raskast i tiltak. Om lag tre av ti i denne aldersgruppa har til saman vore arbeidslause i mindre enn ei veke før dei startar i tiltak, og seks av ti som er i tiltak har vore arbeidslause i under fire veker. Færre enn ein av ti i denne aldersgruppa har vore arbeidslause i tre månader eller meir.

Ungdom bør ikkje venta for lenge før dei kjem i aktivitet

Alle informantane i intervjuundersøkinga var samde om at unge arbeidssøkjjarar bør ut i aktivitet snarast råd – helst med ein gong – slik at dei vert «snudd i døra» inn til NAV. Kva som er det kritiske punktet for kva som er for lenge, avheng av kva for behov ungdommane har. Fleire av informantane meinte at dei unge bør ut i aktivitet

Figur 5. Sum tid som arbeidslaus ved oppstart i fyrste tiltak. Personar som vart arbeidslause i løpet av året og som tok del i tiltak i løpet av arbeidssøkjjarperioden, etter år og alder. Prosent



Kjelde: NAV

innan ei til to veke. Dersom ein ventar så lenge som to–tre månader, er det for lenge.

Informantane seier at dersom ein ventar for lenge med å få dei unge ut i tiltak, snur mange døgeret og vert vande med å få pengar frå NAV utan å gjera noko for det. Mange mistar òg motivasjonen for å koma seg i arbeid. Dette er i tråd med funn gjort av Raaum, Røed og Torp (2002). Dei finn at krav om aktiv tiltaksdeltaking motverkar strategisk åtferd blant arbeidslause dagpengemottakarar. Strategisk åtferd vil seia at ein for ein kortare eller lengre periode «slår seg til ro» som dagpengemottakar fordi ein set pris på fritida som arbeidslaus. Dei unge som får oppfølging frå NAV har i liten grad rett til dagpengar, men ein kan anta at problemet med strategisk åtferd kan gjelde dei som får økonomisk sosialhjelp òg.

Ein annan risiko ved å venta for lenge, er at problema forverrar seg for unge som slit med rus- eller psykiske problem.

«... for det som eg ser med dei ungdommane, [som] kanskje er 20 år da, og [...] som kanskje har byrja på grunnkurs ein eller to gonger men klarer ikkje å gjennomføra – veldig ofte er det psykiatri – så skal dei ikkje gå så veldig lenge utan [aktivitet] før alt vert enda svartare» (lite distriktskontor, Austlandet).

NAV får ikkje alltid dei unge i aktivitet så raskt som ynskjeleg

Dei fleste informantane fortalde at dei får unge ganske raskt ut i aktivitet, men at det er store skilnader mellom arbeidspraksis og andre tiltak. Mange seier at dei kan få unge inn i arbeidspraksis i løpet av eit par veke, medan dei som skal inn på kurs eller andre typar tiltak gjerne må venta litt lenger. Dette er både fordi ein må venta på at tiltaket startar opp, og fordi det kan vera for få plassar slik at dei må stå på venteliste. Dette betyr at ventetida vert lengre for nokre grupper enn for andre. Ungdom som skal i arbeidspraksis og greier å ordna ein praksisplass på eiga hand, er lettare å få raskt i aktivitet enn ungdom som treng meir hjelp for å koma i gang

eller som skal inn i tiltak med lang ventetid. Dette medfører til ein viss grad at dei svakaste gruppene, til dømes dei som ikkje greier å skaffa ein praksisplass på eiga hand, må venta lengst for å koma i tiltak. Det er ein svak tendens til at NAV-kontor i sentrale strøk på Austlandet i mindre grad enn andre greier å få ungdom så raskt i aktivitet som dei ynskjer.

«Vi har hatt ungdom som er ute i tiltak på ti minutt. Vi gjev òg beskjed til ungdommane om at dei kan gå ut og prøva å finna seg ein praksisplass sjølv, og da er dei på ein måte sett i aktivitet sjølv om dei ikkje er i tiltak» (middels stort bykontor, Vestlandet).

«Nokre kurs byrjar kanskje berre kvar tredje månad, og i tillegg har mange kurs søknadsfrist tre veker før start. Det går ofte minst fire veker frå brukar møter opp til kurset startar. Skal ein da finna på noko for dei i mellomtida, berre for

at dei ikkje skal verta gåande inaktive? Det er ikkje så greitt det heller, sidan vi berre har ei viss mengd tiltaksplassar som skal fordelast på mange» (middels stort bykontor, Austlandet).

Det er òg andre årsaker til at nokre av dei unge arbeidssøkjjarane må venta ei stund før dei kjem i aktivitet. Fleire stader seier dei tilsette at dei har for lite ressursar å setja inn i arbeidet med dei unge. Nokre nemner at det har teke tid før dei nye arbeidsmetodane har kome ordentleg på plass etter NAV-reforma. Det er òg fleire som manglar lågterskeltilbod og kommunale tilbod til unge som søker om sosialstønad.

«... det er klart at nokre glepp på grunn av ressursproblematikken, og sjølv sagt – vi veit jo at 50 prosent av dei er i jobb etter tre månader. Dei fleste vil jo ha jobb, men det er den der gruppa som [...]. Dei har 104 veker å sova på...» (middels stort bykontor, Sørlandet).

Dei mest brukte arbeidsretta tiltaka

NAV sitt tilbod om arbeidsretta tiltak skal tilpassast den enkeltes behov for kvalifisering og arbeidstrening. Situasjonen på arbeidsmarknaden og politiske føringar bestemmer utforminga, omfanget og samansetninga av tiltaka. Tiltaka skal blant anna bidra til å styrkja brukaranes kompetanse og evne til arbeid, forsyna arbeidsmarknaden med kvalifisert arbeidskraft og førebyggja og dempa skadeverknadene av arbeidsløyse for den enkelte. Arbeidsretta tiltak arrangerast både i ordinære bedrifter og i førehandsgodkjente tiltaksbedrifter. Dei mest vanlege arbeidsretta tiltaka for unge arbeidssøkjjarar finn vi innan opplæring, arbeidspraksis, oppfølging og lønstilskot. Desse tiltaka er nærare omtala:

Opplæring: Tiltaket skal bidra til at arbeidssøkjjarane kvalifiserast til ledige jobbar. Opplæring skjer i form av arbeidsmarknadskurs, som ofte er korte yrkesretta kurs. Maksimal varigheit på tiltaket for ordinære tiltaksdeltakarar er ti månader. For å kunna delta i opplæringstiltak må ein ha fylt 19 år.


Arbeidspraksis: Arbeidspraksis i ordinær verksemd er eit tiltak for personar som treng å prøva seg på

arbeidsmarknaden, få arbeidserfaring og dermed auke sjansen til å koma i arbeid. Maksimal varigheit i tiltaket er eitt år.

Oppfølging: Dette er eit nytt tiltak frå 2009 for personar som har behov for meir omfattande formidlings- og oppfølgingshjelp enn det NAV kan tilby. Oppfølginga skal styrkja kompetansen og motivasjonen til arbeidssøkjjarar som ikkje er i eit arbeidsforhold, og hjelpe dei å finna gode og effektive jobbsøkjestrategiar. Oppfølginga kan vare i opptil seks månader. Jobbklubb er eit oppfølgingstiltak som vert mykje brukt overfor unge. Dette tiltaket skal kvalifisera arbeidssøkjjarar til å kunna orientera seg på arbeidsmarknaden og til å vera aktive jobbsøkjjarar.

Lønstilskot: Tidsavgrensa lønstilskot skal motivera arbeidsgjevarar til å tilsetja personar som har problem med å få innpass på arbeidsmarknaden på vanlege løns- og arbeidsvilkår. Tiltaksdeltakaren utfører ordinære arbeidsoppgåver og er tilsett på ordinære løns- og arbeidsvilkår. Målsetjinga med tiltaket er at deltakaren skal koma i eit varig arbeidsforhold hos arbeidsgjevaren. Tidsavgrensa lønstilskot kan maksimalt utgjera 50 prosent av løna i inntil eitt år.

Figur 6. Tiltaksdeltakarar etter type tiltak, blant ungdom som vart arbeidslause i 2002, 2006 og 2009, etter aldersgruppe. Prosent av totalt tal på tiltaksdeltakarar



Kjelde: NAV

Arbeidspraksis og opplæring er dei viktigaste tiltaka for ungdom

Figur 6 viser prosentdelen av tiltaksdeltakarar etter alder, år og type tiltak. Arbeidspraksis er det dominerande tiltaket for ungdom under 20 år. Arbeidspraksis skal gje unge erfaring frå arbeidslivet og skal motivera for vidare utdanning eller arbeid. Ei målsetjinga for NAV sitt arbeid med unge som ikkje har fullført vidaregåande opplæring er at dei skal fullføra utdanning i det ordinære skolesystemet. Opplæringstiltaket har difor ei nedre aldersgrense på 19 år. Ein del av dei yngste arbeidslause som har passert 19 år tek del i opplæringstiltak. Blant dei unge under 20 år som vart arbeidslause i 2009, og som tok del i arbeidsmarknadstiltak i løpet av perioden dei var arbeidssøkjjarar, tok 14 prosent del i eit oppfølgingstiltak.

I aldersgruppa 20–24 år er opplæring det dominerande tiltaket. Mange unge som man-

glar formell kompetanse, eller som har ein kompetanse som er lite etterspurt i arbeidsmarknaden, kan få ny kompetanse gjennom opplæringstiltak. I 2002 og i 2006 var meir enn 60 prosent av tiltaksdeltakarane i denne aldersgruppa i opplæringstiltak. Mange i alderen 20–24 år tek òg del i arbeidspraksis. Lønstilskott, som er eit tiltak der deltakaren er tilsett i ei verksemd på vanlege vilkår, og der arbeidsgjevar får dekkja deler av lønskostnadene, ser ut til å vera eit tiltak som har vorte mindre brukt med åra. I nedgangskonjunkturen i 2002 hadde 15 prosent av tiltaksdeltakarane mellom 20 og 24 år vore i tiltak med lønstilskott. I 2009 var det tilsvarende talet 9 prosent. I 2009, etter innføringa av ny tiltaksforskrift, tok 31 prosent av tiltaksdeltakarane i alderen 20–24 år del i oppfølgingstiltak.

Arbeidspraksis er mest brukt fordi det gjev arbeidserfaring

Dei aller fleste informantane seier at arbeidspraksis i ordinær verksemd er det tiltaket dei brukar mest overfor unge arbeidssøkjjarar, og i

alle fall overfor dei aller yngste. På spørsmål om kvifor arbeidspraksis er det mest brukte tiltaket overfor unge fekk vi mange ulike svar, men samtidig var det mykje som gjekk att. Den kanskje viktigaste årsaka til at arbeidspraksis vert mykje brukt overfor unge, er at dei får arbeidserfaring. Dei fleste informantane la vekt på dette. Mange av dei unge arbeidssøkjjarane har inga tidlegare arbeidserfaring, og dette er derfor nyttig når dei skal søkja jobb seinare.

«Ja, når dei er så unge så har dei som oftast ikkje så mykje på CV-en heller, så ein plass må ein jo byrja. Alternativa er ikkje så mange» (middels stort bykontor, Nord-Noreg).

Mange av informantane nemnde òg at det kan vera ein mogelegheit for å «få ein fot innafør» – dei unge får synt seg fram for ein arbeidsgjevar, og kanskje kan praksisplassen utvikla seg til ein læreplass eller lære kandidatplass. Som vist i tabell 1, og som omtalt i Furuberg 2012 og Myklebø 2012, har dei fleste av dei unge arbeidssøkjjarane ikkje fullført vidaregåande opplæring. Praksisplass er derfor svært aktuelt. Fleire meiner at arbeidspraksis er det beste og mest effektive tiltaket overfor ungdom, og nokre nemnde òg at det er det mest etterspurde tiltaket frå ungdommane sjølv.

Ei anna viktig årsak som informantane nemnde til at arbeidspraksis er mykje brukt, er at det ikkje finst så mange andre alternativ for arbeidssøkjjarar under 19 år. Arbeidspraksis er lett tilgjengeleg og kan starta opp når som helst. Dette er viktig dersom målet til dømes er å halda dei unge i aktivitet fram til skolestart.

Arbeidspraksis kan òg vera ei viktig avklaring for enkelte, dersom dei får prøvd seg i den bransjen dei har tenkt å utdanna seg innan eller har lyst til å jobba med seinare. Dersom dei finn ut at dette ikkje var noko for dei, kan dei endra planane før skolestart, og slepp kanskje å gjera eit feilval. Det kan òg vera ein tankevekkjar for enkelte å sjå kva for jobbar som er tilgjengelege når ein ikkje har utdanning.

Ein del informantar sa at dei brukar arbeidspraksis fordi det er tilfredsstillande for ungdom å gjera noko «ordentleg». Dei får sjølvtilitt av å meistra jobben, og mange av bedriftene er flinke til å følgja dei opp og ta dei på alvor. Det er viktig for ungdom å kjenna at dei høyrer til ein plass. Det har òg ein sosial verdi å måtta stå opp om morgonen og ha ein aktivitet å gå til, i tillegg til at dei lærer noko om praktisk arbeid.

Opplæringstiltak

Mange av informantane fortalde at opplæringstiltak er det dei brukar mest for dei som er over 19 år. Dette ser vi òg av statistikken. To viktige årsaker til at opplæringstiltak er så mykje brukt, er at det er lettare å få jobb dersom ein har eit bevis på kva ein kan, og at det kan gjera vegen til fagbrevet kortare.

Hardoy (2003) finn at deltaking i aktive arbeidsmarknadstiltak som AMO (arbeidsmarknadsopplæring) og praksisplass ikkje hadde nokon effekt på overgangen til arbeid og utdanning blant unge arbeidslause. Ho argumenterer likevel for at desse tiltaka kan ha andre positive effektar, som at den unge arbeidssøkjaren opprettheld kontakta med arbeidsmarknaden og at det kan bidra til å forhindre sosial mistilpassing.

Hamre og Bråthen (2006) og Hamre (2006) har sett på jobbsannsynet eitt år etter for personar som byrja i tidsavgrensa lønstilskot, arbeidspraksis eller opplæringstiltak fjerde kvartal 2003 og 2004. Dei fann at arbeidspraksis og opplæringstiltak ikkje hadde nokon signifikant positiv effekt på jobbsannsynet for unge nokre av åra. Undersøkinga ser ikkje på sannsynet for å fortsetja i ordinær utdanning, noko som ofte er ei målsetjing for unge arbeidssøkjjarar under 25 år.

Jobbklubb brukast ofte fordi det er lett tilgjengeleg

Fleire av informantane fortel at dei brukar ein del jobbklubb. Jobbklubb er eit tiltak som skal kvalifisera arbeidssøkjjarar til å kunna orientera seg på arbeidsmarknaden og vera aktive jobbsøkjjarar. Dei får blant anna opplæring i å utforme CV og jobb-

søknader, og intervju trening. Raaum, Røed og Torp (2002) skriv at tiltak som siktar mot å gje hjelp og støtte i sjølv prosessen med å søkja jobb, gjev meir eintydige positive resultat enn AMO.

Årsaka som flest informantar nemner til at dei brukar jobbklubb, er at det er lett tilgjengeleg. Kursa går heile tida, det er mange plassar og det går lokalt. Mange av informantane seier at jobbklubb ikkje alltid vert brukt fordi det er det nyttigaste tiltaket. Det hender at unge arbeidssøkjere som har behov for ein annan type oppfølging vert sendt på jobbklubb berre for at dei skal vera i aktivitet, fordi det ikkje er andre tiltak tilgjengeleg. Dette er i så fall uheldig, både for den enkelte brukar som ikkje har utbytte av tiltaket, og for gruppa totalt sett fordi det går utover gruppedynamikken. Fleire av informantane vektlegg at jobbklubb er eit nyttig tiltak for deltakarar som er motiverte. På jobbklubb får dei blant anna trenar på intervju og på å ringje på jobb, og dei vert tvinga til å sitja å søkja jobbar eller leita etter praksisplass. Dette er noko mange av ungdommane har utbytte av.

I₁: «Så er det jo ein fellesnemnar for alle som skal ut i arbeidslivet, dei må på ein måte kunna søkja jobb og kunna veta kva som møter dei når dei kjem på intervju og alle dei tinga der»

I₂: «Dei har veldig godt av det, mange av ungdommane. Dei kan jo kanskje ikkje skriva ein søknad og dei kan jo kanskje ikkje presentera seg overfor ein arbeidsgjevar»

I₃: «Så vert dei kanskje tvinga litt til å faktisk sitja og søkja jobbar» (stort bykontor).

Ei tredje årsak som vert nemnt er at ein får avklart ungdommane. Dei som eigentleg ikkje treng hjelp frå NAV synest gjerne at jobbklubb er keisamt, og finn seg heller ein jobb.

Tidsavgrensa lønstilskot

Både Hamre og Bråthen (2006), Hamre (2006) og Hardoy (2003) har gjort funn som tydar på at lønstilskot har ein positiv effekt på overgangen til arbeid og utdanning. Hardoy skriv

at sysselsetjingstiltak som lønstilskot og ekstraordinære arbeidsplassar i det offentlege er meir effektive tiltak i så måte enn aktive arbeidsmarknadstiltak som AMO og praksisplass.

Fleire av informantane fortel at dei brukar ein del tidsavgrensa lønstilskot. Ein grunn til at det ikkje nyttast oftare er at lønstilskot krev at arbeidsgjevar ynskjer å tilsetja tiltaksdeltakaren.

«Arbeidspraksis er det mest brukte tiltaket overfor ungdom. Det er sjeldan at bedrifter bit på lønstilskot for eksempel, når dei er så unge. Dei er ikkje interesserte i å gje dei løn når dei ikkje har nokon kompetanse» (middels stort bykontor, Nord-Noreg).

Tiltakskjeder nyttast i blant

Ein tiltakskjede består av to eller fleire ulike tiltak som avløysar kvarandre. Slike kjedar kan til dømes nyttast dersom ein brukar treng ulike typar oppfølging, kvalifisering eller arbeidstrening på veggen mot ordinært arbeid. Lorentzen (2007) har gjennomgått funn frå evalueringar av arbeidsretta tiltak for sosialhjelpsmottakarar. Ein av konklusjonane hans er at kjeder av tiltak, særleg som inneheld kvalifisering og/eller som plasserer deltakaren i eller i nærleiken av arbeidslivet, har best effekt.

På spørsmål om det er vanleg å kjede tiltak, varierte svara mellom dei ulike NAV-kontora. Nokre svara at dei ofte kjedar tiltak, medan andre svara at det er sjeldan, i alle fall når det gjeld unge som helst skal attende i utdanning. Nokre svara òg at tiltakskjeder sjeldan vert aktuelt, fordi så mange fell frå før dei er ferdige med fyrste tiltaket. Den vanlegaste tiltakskjeda som våre informantar fortel om er at arbeidssøkjere byrjar med arbeidspraksis og deretter går over til lønstilskot, men det kan òg vera tiltakskjedar der jobbklubb eller AMO er inkludert.

«Det startar med ein arbeidspraksis og så overgang til lønstilskot etterpå. Det fungerer bra, for da aukar vi den tilknyttinga dei har til arbeidsgjevar» (stort bykontor).

Riktige tiltak for dei unge og for arbeidsmarknaden?

Kva for tiltak er best eigna for unge arbeidssøklarar?

Det har vorte gjort ein del forsøk på å måla effekten av ulike arbeidsmarknadstiltak, men det er få eintydige funn når det gjeld effekten av tiltak og kva for tiltak som er best eigna for unge. Som vi såg ovanfor er det gjort funn som tydar på at sysselsetjingstiltak, slik som lønstilskot, er meir effektive enn aktive arbeidsmarknadstiltak som AMO og praksisplass (Hamre og Bråthen 2006, Hamre 2006, Hardoy 2003). Vidare kan det sjå ut til at tiltak som gjev hjelp og støtte i prosessen med å søkja jobb er meir effektive enn AMO (Raaum, Røed og Torp 2002), og at kjeder av tiltak, særleg som inneheld kvalifisering og/eller som plasserer deltakaren i eller i nærleiken av arbeidslivet, har ein positiv effekt for brukarar som i utgangspunktet har svak tilknytning til arbeidsmarknaden (Lorentzen 2007).

Eit problem med å måla effekten av tiltak, er at ein ikkje veit korleis det hadde gått med tiltaksdeltakarane dersom dei *ikkje* hadde teke del i tiltaket. Mange av forsøka som er gjort nyttar kontrollgrupper med same observerbare kjenneteikn som forsøksgruppa for å måla dette, men gruppene kan likevel vera forskjellige når det kjem til viktige uobserverbare kjenneteikn, som til dømes motivasjon. Lorentzen (2007) har gjennomgått funn frå evalueringar av arbeidsretta tiltak for sosialhjelpsmottakarar, og finn at det har vore ein positiv seleksjon av deltakarar inn i dei vellykka tiltaka. Det betyr at dei som sto nærast arbeidsmarknaden i utgangspunktet i størst grad har vorte rekruttert til desse tiltaka (såkalla «creaming»). Ein konklusjon vi kan trekkja ut frå forsøkinga som er gjort på feltet, er at det er viktig å plassera rett person i rett tiltak, sidan effekten av tiltaket vil variere ut frå motivasjonen og utgangspunktet til deltakaren.

Da vi spurde informantane om kva for tiltak dei meiner er best eigna for unge arbeidssøklarar,

fekk vi mange forskjellige svar. Fleirtalet av informantane i undersøkinga svara at arbeidspraksis er det tiltaket som er best eigna for veldig mange av dei unge arbeidssøklarane. Årsakene til dette er blant anna at dei får arbeidserfaring og referansar. Arbeidspraksis kan òg føre til jobb for enkelte, og deltakarane får uansett ein introduksjon til arbeidslivet.

«Og så er det jo det òg som eg trur er viktig for veldig mange ungdommar, det er det her å kunna arbeidslivets spelereglar. Kva for plikter har du som arbeidstakar, og kva for rettar har du? Og det er jo generelt, uansett kva slags jobb du er i – korleis oppfører ein seg mot kvarandre» (mid-dels stort bykontor, Nord-Noreg).

Andre tiltak som fleire meiner er godt eigna for ein del unge er blant anna lønstilskot, jobbklubb og ulike opplæringstiltak, til dømes AMO enkeltplass. AMO enkeltplass, eller individuell AMO, er korte, yrkesretta kurs som kan kjøpast som individuelt tilpassa kurs eller som enkeltplassar på meir standardiserte kurs. Krava for å kunna få AMO enkeltplass er at brukaren treng kvalifisering på område der det ikkje arrangerast ordinær AMO, og at det skal vera stort sannsyn for at opplæringa vil bidra til at deltakaren kjem i arbeid. Fordelen som fleire nemner med AMO enkeltplass i forhold til vanleg AMO, er at ein kan tilpasse tilbodet til den enkeltes behov.

Fordelane som nemnast med jobbklubb er på den eine sida at dette mange stader er eit tiltak som dei unge kan starta i med ein gong. Dei kjem i gang med noko, må stå opp om morgonen og får ikkje vendt seg til å snu døgeret. På den andre sida er det nyttig fordi dei lærer korleis dei skal søkja jobb og presentera seg sjølve for arbeidsgjevarar.

NAV-kontora kan ikkje alltid tilby dei tiltaka dei meiner er best eigna. Nokre fortel at dei ikkje kan tilby nok praksisplassar, nokre har for få AMO-kurs, medan andre gjerne skulle hatt fleire AMO enkeltplassar.

I tillegg til tiltaka som finst i porteføljen allereie, er det mange av informantane som har forslag til andre tilbod som dei meiner NAV burde hatt for unge arbeidssøkjere. Stort sett er det lågterskeltilbod dei saknar. Slike lågterskeltilbod må fyrst og fremst kunna følgja opp dei unge tett. Innhaldet i slike tiltak kan til dømes vera opplæring i grunnleggjande ting som økonomi-handtering, rettar og plikter i arbeidslivet og «livsmeistring» som nokre kallar det, og tilbod om ulike aktivitetar. Eit mål med slike tiltak er å gje deltakarane motivasjon til å koma seg vidare i livet. Lågterskeltilbod må kunna setjast raskt i gang, slik at dei som treng det ikkje må venta for lenge.

«... det manglar eit lågterskeltilbod for dei som ikkje er i stand til å vera i eit ordinært tiltak – eit mellomledd mellom inaktivitet og ordinære tiltak» (middels stort bykontor, Vestlandet).

Nokre av informantane etterspør kommunale praksisplassar – «mjuke plassar» der unge som treng det kan få litt ekstra oppfølging og ein mjukare overgang til arbeidslivet. Andre ynskjer seg avklaringskurs. Nokre ynskjer seg lågare aldersgrense på opplæringstiltak, slik at ungdom under 19 år òg kunne fått tilbod om dette dersom ein ser at dei kunne hatt nytte av det.

«Det er eigentleg dumt at vi ikkje kan få formidla nokre av desse unge over på kurs. Vi ser at mange av dei er modne nok og motiverte for å gå på kurs. Vi ser fleire som kunne hatt nytte av å delta på jobbsøkjekurs eller kompetansekurs slik som truckførarkurs. Det er eit problem i fleire saker det at vi ikkje kan tilby kurs, berre arbeidspraksis» (middels stort bykontor, Austlandet).

Kva for tilbod finst for unge som står langt unna arbeidsmarknaden?

Dei fleste stadfestar at NAV-kontora har lokale tiltak eller prosjekt for oppfølging av unge som står langt unna arbeidsmarknaden. Om lag halvparten av informantane fortalde at dei har kommunale tiltak og/eller eigne prosjekt ved NAV-kontoret, medan mange òg brukar eksterne

tiltaksarrangørar. Det dreier seg om ulike typar tiltak, og omfanget varierer mellom dei ulike NAV-kontora. Det er ein tendens til at dei største og mest sentrale NAV-kontora i større grad enn andre NAV-kontor har lokale tiltak. Eigne lokale tiltak er òg vanlegare på Vestlandet enn i dei andre landsdelane. Dei fleste ynskjer seg fleire tiltak for dei som står lengst unna arbeidsmarknaden.

Ein del av lågterskeltilboda er kommunale praksisplassar, gjerne med ein «los» eller liknande som følgjer opp deltakarane undervegs. Andre tilbyr ulike typar kurs, gjerne med fokus på blant anna jobbsøking, motivasjon og avklaring. Kursa kan òg innehalda opplæring i ein del basiskunnskap, kva for rettar og plikter ein har i arbeidslivet, korleis ein skal oppføre seg i sosiale samanhengar, økonomi, kosthald og matlaging. Ofte er det ein kombinasjon av individuell oppfølging og gruppetodikk. Nokre av NAV-kontora har tiltak der deltakarane kan prøva seg på ulike aktivitetar, slik som maling, snekring og fysisk trening, og på ein del av tiltaka får deltakarane frukost eller lunsj, gjerne som dei er med og lagar sjølve. For nokre er det viktigaste i fyrste rekke å få på plass ein rutine med å stå opp om morgonen og møta opp til noko. Mange av kursa har som målsetjing å enda opp i arbeidspraksis, medan andre er meir innretta mot vidaregåande skole. Nokre har kurs som er lagt opp som eit samarbeid mellom NAV og fylkeskommunen, der det er ein kombinasjon av vidaregåande opplæring og oppfølging på andre område.

«Brukarane her får ikkje gå og ta i mot passive ytingar. Det betyr at dei må gå på oppmøte kvar dag, frå 8 til 13, og da driv dei [tilsette i den kommunale delen av NAV] sosialt motiverande arbeid – hjelper dei, avklaring i forhold til jobbsøking, søkja og finna jobb» (middels stort bydelkontor).

«Deltakarane bestemmer ein del av innhaldet på kurset, men fast innhald er blant anna å laga oversikter over kva dei drøymmer om, korleis kan dei koma dit, kva har hindra dei så langt, kva

er dei flinke til. Dei fleste drøyer om å ha eit 'vanleg liv' med eigen bustad, fast jobb, inntekt, kjærast. Rettleiarane jobbar ut frå gruppemetodikk» (stort bydelskontor).

I₁: «Det er lagt opp på to dagar [...] i veka. [...] Ein dag er det kosthald og fysisk aktivitet og ein del slik [...] kvardagskompetanse. Og så den andre dagen, der kan ein ta fag. Nokre kan ta opp – det kan vera delkurs i norsk for eksempel – nokre kan få matteundervisning»

I₂: «Skreddarsydde opplegg for kvar enkelt» (lite distriktskontor, Austlandet).

Mange av informantane fortel at tilbodet av skreddarsydde opplegg er for lite. For at slike kurs skal vera vellykka kan det ikkje vera for mange deltakarar. Ein del av brukarane i målgruppa kvir seg for å delta i sosiale samanhangar, og gruppemetodikken som brukast mange plassar er avhengig av at gruppa ikkje er for stor. Samtidig må kursa ha ei viss varigheit for å ha nokon effekt. Til saman fører dette til at lågterskeltiltak mange plassar vert eit tilbod for dei få.

«Og det er ikkje så mange deltakarar, for det handlar om... Dei skal tørre å møte dei som har panikkangst – vi har hatt mykje av det. Vi har hatt dei som har kome rusa, og sjølvstøtt vorte sendt heim att, men altså, det skal vera skikkeleg, skikkeleg lågterskel. Og det skal vera sånn at 'OK, du prøver å møte, og klarer du ikkje å stå i det, så kan du faktisk gå heim att og så prøver du att på torsdag'» (stort bykontor).

«Det er viktig å ha god varigheit for dei tyngste brukarane. Dei treng ei stund for å koma inn i ein dagleg rytme att» (lite distriktskontor, Austlandet).

Er tiltaksporteføljen tilpassa arbeidsmarknadens behov?

Det er viktig at tiltaka NAV tilbyr er tilpassa arbeidsmarknadens behov. Dette gjeld spesielt opplærings-

stiltak, slik som AMO, som skal kvalifisera deltakarane til ledige jobbar. Ein stor del av informantane fortalde i intervjuundersøkinga at dei meiner tiltaka er marknadstilpassa i større eller mindre grad, men det var òg ein del informantar som svara at dei ikkje synest tiltaka er tilstrekkeleg marknadstilpassa. Eit anna synspunkt som kom fram, er at det er viktig å sjå an behovet til brukargruppa. Det er ikkje noka nytte i å ha marknadstilpassa kurs dersom ingen av brukarane har utbyte av å gå der.


«Eg skulle ynskje at kursa var mykje meir tilpassa behovet i arbeidsmarknaden, at det liksom... at det var litt oftare fornying. Ofte føler eg det, dei kursa som er dei har jo vore i mange år» (middels stort bydelskontor).

«Vi sett opp AMO-kurs etter observerte behov og ynskjer i samtaler med brukarar. Det er ingen vits i å setja opp kurs som ingen vil gå på. Ein lyt sjå an kva slags brukargruppe ein har» (middels stort bykontor, Austlandet).

På spørsmål om kor stor påverknad NAV-kontora har på kva for tiltak som vert tilbode i fylket, svara størstedelen av informantane at dei har ganske stor påverknadskraft, og at NAV Fylke tek omsyn til innspela deira. Eit mindretal fortalde at dei ikkje oppfattar at dei har noko reell påverknadskraft. Vi ser ein tendens til at dei som meiner at tiltaka er tilpassa behovet på marknaden, òg fortalde at dei har mogelegheit til å påverka kva for tiltak som vert tilbode i fylket. Blant dei som svara at tilbodet ikkje er marknadstilpassa, var det meir delt. Nokre svara at dei kan påverka kva for tiltak som vert tilbode, medan andre ikkje oppfattar at dei har nokon reell påverknad.

«Vi kan jo laga kurs dersom det finst pengar. Det synest eg jo at fylket har vore lydhøre for, i forhold til kva for tiltak vi treng og at vi har fått vera med i prosessen på kva for kurs bør ein tilby i [kommunen]» (middels stort bykontor, Nord-Noreg).

Figur 7. Personar som ikkje hadde arbeidsmarknadsrelaterte stønader medan dei var arbeidssøkjjarar, etter alder og om dei tok del i tiltak i løpet av arbeidssøkjjarperioden



Kjelde: NAV

Stønader og rettar

Dagpengar ved arbeidsløyse er knytt opp mot tidlegare arbeidsinntekt. For å ha rett til dagpengar må ein ha hatt ei arbeidsinntekt på minimum 1,5 G⁶ i løpet av siste kalenderår, alternativt ei inntekt på 3 G til saman i løpet av dei tre siste kalenderåra. Mange unge har difor ikkje eit inntektsgrunnlag som gjev rett til dagpengar.

Unge som tek del i arbeidsmarknadstiltak kan få individstønad. Dette er ein stønad som skal sikra livsopphald medan ein tek del i arbeidsretta tiltak, og dekkja visse utgifter knytt til tiltaksdeltakinga. Ungdom under 20 år får individstønad etter ein lågare sats enn eldre tiltaksdeltakarar. Frå 1. januar 2012 var satsen kr 227 per dag for dei under 19 år og kr 313 per dag for dei over 19 år.

Å ta del i tiltak sikrar inntekter for dei unge


I tillegg til å gje betre kvalifikasjonar er arbeidsmarknadstiltak viktig for å sikra inntekter for dei unge. Figur 7 viser kor stor prosentdel av dei unge tiltaksdeltakarane som ikkje hadde arbeidsmarknadsrelaterte stønader⁷ medan dei var arbeidslause, samanlikna med dei arbeidslause som ikkje var i tiltak. Medan 78 prosent av dei arbeidslause under 20 år som ikkje tok del i tiltak var utan nokon form for arbeidsmarknadsrelatert stønad i 2009, gjaldt dette berre 7 prosent av tiltaksdeltakarane. Tilsvarande tal for aldersgruppa 20–24 år i 2009 er 10 prosent av tiltaksdeltakarane og 48 prosent av dei arbeidslause som ikkje er i tiltak.

Fleire unge tok del i tiltaket «lønstilskot» i 2002 enn i 2006 og 2009. Dette kan vera ei forklaring på kvifor det var fleire tiltaksdeltakarar som

⁶ G = grunnbeløpet i folketrygda. G vert regulert kvart år. Per mai 2009 var 1 G kr 72 881.

⁷ Med arbeidsmarknadsrelaterte stønader meiner vi her dagpengar, individstønad og arbeidsavklaringspengar attføringspengar i 2002 og 2006).

Figur 8: Arbeidslause etter alder og type stønad i arbeidssøklarperioden. Tiltaksdeltakarar og ikkje tiltaksdeltakarar



Kjelde: NAV

ikkje var mottakarar av arbeidsmarknadsrelaterte stønader i 2002 enn i dei andre åra vi ser på. Unge i «lønstilskot» mottar ikkje stønad frå NAV, men får løn frå arbeidsgjevar. NAV gjev tilskot til arbeidsgjevar sine utgifter til løn.

Fleire tiltaksdeltakarar med individstønad når det er nedgangskonjunktur

Svært få av dei arbeidslause under 20 år har dagpengar i løpet av arbeidssøklarperioden, anten dei har vore tiltaksdeltakarar eller ikkje. Langt dei fleste tiltaksdeltakarane i denne aldersgruppa er mottakarar av individstønad.

Blant tiltaksdeltakarane i alderen 20–24 år er det fleire som har motteke dagpengar i løpet av arbeidssøklarperioden. I 2002 og 2009, åra med nedgangskonjunktur, har fleire av tiltaksdeltakarane i denne aldersgruppa motteke dagpengar, samanlikna med 2006, året med oppgangskon-

junktur. Dette skuldast at samansetjinga av dei arbeidslause er annleis i nedgangskonjunkturar enn i oppgangskonjunkturar. Når det er låg etterspurnad etter arbeidskraft, vil fleire unge som har vore i arbeid av eit slikt omfang at dei har rett til dagpengar, verta arbeidslause.

Det vil til ei kvar tid vera ein relativt fast mengd unge menneske som har ei svak tilknytning til arbeidsmarknaden. Når arbeidsløysa aukar, vil talet på unge arbeidssøklarar med arbeidserfaring og sterkare tilknytning til arbeidsmarknaden auke, medan talet på svakare stilte arbeidssøklarar er meir stabilt.

Konsekvensar av å seia nei til tiltak

Ein del av dei unge arbeidssøklarane som NAV har ansvar for å følgja opp har rett til dagpengar. For å få utbetalt dagpengar må ein vera reell arbeidssøklar. For arbeidssøklarar som ikkje vil

ta i mot tilbod om arbeidsmarknadstiltak, kan NAV stoppa utbetalinga av stønaden.

Som vi såg av figur 8, har mange av dei unge arbeidssøkjjarane ikkje tent opp rett til dag-pengar. Av desse er det truleg ein del som får økonomisk sosialhjelp, og ein del som ikkje har nokon stønad. Begge desse gruppene kan få individstønad dersom dei tek del i tiltak. Dersom ein ordinær tiltaksdeltakar ikkje møter opp på tiltaket, vert individstønaden eller dagpengane mellombels stoppa. Stønaden skal berre utbetalast for dei dagane vedkomande har møtt opp i tiltaket.

Dei fleste informantane i intervjuundersøkinga fortalde at det får konsekvensar å takka nei til tiltak. Brukarar som takkar nei vert anten innkalla til samtale for å finna ut kvifor dei har avslått tilbodet, eller dei får stopp i utbetalinga. Dersom dei får stans i utbetalinga, kjem dei gjerne att. Nokre av informantane nemnde at det ofte tek litt tid før pengane vert stoppa, både fordi det kan vera vanskar i kommunikasjonen mellom tiltaksarrangør og NAV, og fordi det kan ta litt tid før Forvaltningseininga i NAV får sett i verk stansen i utbetalinga.

Ved tildeling av økonomisk sosialhjelp kan NAV setja vilkår for utbetalinga, til dømes at mottakaren skal utføre passande arbeidsoppgåver i bustad-kommunen. Nokre av informantane fortalde at dei har byrja å stilla krav om aktivitet for unge som søker økonomisk sosialhjelp. Dette krev at ein har tilgjengelege tiltaksplassar å senda dei i, til dømes kommunale praksisplassar. Brukarar som nektar å delta på slike tiltak kan ein setja på «naudsats», altså ei mindre utbetaling enn den vanlege sosialstønaden. Ved NAV-kontora som har ei slik ordning, har dei god erfaring med dette, blant anna fordi dei får avklart behovet til den enkelte.

«Dette med å forlanga at dei er i kommunale praksisplassar for at dei skal få sosialstønad er òg ein måte å kartleggja dei på. Vi oppdagar kven som har større behov og treng tettare oppfølging. Dei som berre er ute etter lettjente

pengar, gidd ikkje dersom dei må ut i praksis. Da seier dei at dei heller vil skaffa seg ein jobb» (middels stort bykontor, Nord-Noreg).

Erfaringane frå rettleiarane er i tråd med funn frå Dale-Olsen og Schøne (2006). Dei har gjennomgått erfaringar med ordningar for mottakarar av sosialhjelp og andre som ikkje har rett til arbeidsmarknadsrelaterte ytingar, kor den enkelte samtidig med retten til ei yting har rett og/eller plikt til å delta i aktivitetar og tiltak retta inn mot arbeidslivet.

Dilemma rundt individstønaden

Vi spurde informantane om korleis individstønaden verker inn på dei unges deltaking i tiltak. Gjev stønaden insentiv til å delta i tiltak, eller fører han til innlåsing i aktiviteten fordi ein har ei inntekt?

Informantane hadde ulike oppfatningar om kva for verknader individstønaden har og kan ha. Mange problematiserte at dei som droppar ut av vidaregåande opplæring skal få «betalt» for dette i form av individstønad. Dette kan senda uheldige signal til andre, fordi det da vert lukrativt å droppa ut. Det kan òg verta mindre attraktivt å byrja på skolen att for dei som vert vande med å få desse pengane kvar månad. Dei fleste informantane trudde likevel ikkje at individstønaden trekkjer dei unge ut frå skolen eller hindrar dei i å byrja att. Det er ikkje så mykje pengar, og arbeidspraksisen er eit tilbod for ein avgrensa periode. Dei fleste unge skjønar at det ikkje finst noko godt alternativ til å fullføra vidaregåande opplæring.

«Vi har jo snakka om det her. Skal dei på ein måte få betalt for å hoppa ut av vidaregåande? For det er jo det dei gjer. Men det er jo eit såpass lågt beløp, at eg trur ikkje det er det som trekkjer dei ut. Og så vert det så lågt beløp i forhold til kva som krevst – altså sju og ein halv time kvar dag, det kjenner dei på kroppen når veka er gått og løna kjem. Spesielt dei som bur aleine. Dei får dekt husleiga, men det skal nå rekka til både det eine og det andre» (middels stort bykontor, Nord-Noreg).

«Ungdom som har evner og kan lukkast på skolen skjønar at dette er vegen å gå. Dei som slit har kanskje ikkje dei same mogelegheitene, men sikter seg ikkje inn på å droppa skolen fordi individstønaden lokkar» (middels stort bykontor, Vestlandet).

Fleire av informantane meiner at individstønaden er i lågaste laget for dei som bur åleine og har utgifter til husleige og mat. Mange av desse vert ikkje sjølvberga av individstønaden, men må få supplerande sosialstønad i tillegg.

I₁: «... Problemet her, det er jo at stort sett så er det ingen som klarer å leva på 6 000 i månaden. Studentar har jo ikkje så mykje meir enn det, men dei har gjerne ein deltidsjobb eller foreldre som spyttar i litt. Så det som skjer er jo at dei treng ein...»

I₂: «Ja, i alle fall dersom dei bur for seg sjølve, så klarar dei seg ikkje på det»

I₁: «Men dei fleste mine bur ikkje heime, altså. Og da får dei individstønad på 6 000, og så vil dei da i tillegg trengje ei supplerings med sosialhjelp og bustøtte» (middels stort bykontor, Austlandet).

Vidare er det ein del som meiner at individstønaden er i høgaste laget for dei av ungdommane som bur heime hos foreldra og ikkje har desse utgiftene. Eit forslag er at stønaden burde vore meir behovsprøvd, at til dømes dei som bur heime hos foreldra får ein lågare sats enn dei som bur for seg sjølve. Eit anna forslag er at unge som framleis har rett til vidaregåande opplæring burde få individstønad tilsvarande stipendutbetalinga som elevar ved vidaregåande skole kan få.

«Det er berre det at når du bur heime og har veldig lite utgifter, så er det veldig mykje pengar å få inn da. Rett og slett synest eg at alle stønader burde vore fordelt ikkje i forhold til alder, men i forhold til busituasjon. For dersom du bur heime og får om det er kvalifiseringsstønad eller individstønad eller kva det er, så er det uhor-

veleg mykje... Altså, det burde vore meir til dei som faktisk bur i eigen leilegheit og mindre til dei som bur heime» (stort bykontor).

Fleire av informantane meinte at individstønaden motiverer for å delta i tiltak. Det motiverer unge å få eigne pengar dei har gjort noko for sjølve. Det er òg nokre av dei unge som tek del i tiltak berre for å få individstønad. Likevel fortel mange av informantane at nokre av dei unge synest individstønaden er låg. Dette avheng gjerne av alder og om dei har vore i jobb tidlegare.

«Ein har jo stadig tilbakemeldingar når pengane ikkje har kome inn, så det er tydeleg at han har betyding for ganske mange, han har jo det. Han har nok ein viss motivasjonsfaktor kanskje» (middels stort bykontor, Nord-Noreg).

«Dei som møter opp på NAV for å få seg praksisplass er meir økonomisk orienterte og synest individstønaden er låg. Vi må orientera dei om alternativa: Dei får ikkje sosialhjelp, så alternativet er ingen pengar» (middels stort bykontor, Nord-Noreg).

Individstønaden er ikkje så mykje høgare enn det ein kan få utbetalt i økonomisk sosialhjelp. Dette kan dempa motivasjonen hos einskilde. Nokre av ungdommane som får sosialstønad nektar derfor å «jobba» for pengane når dei nesten får like mykje utbetalt likevel.

«Dei er ikkje interesserte, for det ser eg på mange av dei som får tilbod om praksisplass – spesielt der – dei får like mykje sosialhjelp som dei får individstønad, og det seier dei, at om vi trur at dei vil jobba for ein sånn sum – ja, ein sa det, det var ein gut som sa det: 'Kvifor trur du eg vil jobba for same summen som eg kan få når eg ligg heime i senga?'» (stort bykontor).

Få takkar nei til tiltak, men mange fell frå før dei har fullført

Det er fleire unge arbeidssøkjjarar som ikkje fullfører tiltaket enn som takkar nei. Informantane fortalde at mange ikkje møter opp eller droppar ut før dei har fullført tiltaket. Omfanget varierer frå plass til plass, og det er òg stor variasjon mellom ulike tiltak. Mange informantar seier at jobbklubb er det tiltaket som flest takkar nei til.

«Det er ikkje så mange av dei som ynskjer eigentleg å vera i eit tiltak. Det er ei utfordring. Når eg snakkar med dei så vil dei, men så møter dei ikkje opp når dei får eit tilbod» (lite distrikt-skontor, Austlandet).

Når det gjeld arbeidspraksis, kan det òg vera bedrifta som seier opp avtala fordi denne praksisplassen ikkje fungerer.

«Og så er det dei som ikkje gjer noko på jobb eller gjer mykje gale på jobb, eller kjem stadig for seint. Da ringer gjerne arbeidsgjevar etter ei stund og seier 'veit du kva, dette fungerer ikkje lenger'» (stort bykontor).

Årsaker til avslag og fråfall

Det er ulike årsaker til at nokre unge arbeidssøkjjarar takkar nei til tiltak. Eit tiltak kan ha fått dårleg rykte, eller brukarane har ei bestemt oppfatning av kva slags folk som deltek på dette tiltaket og synest ikkje dei sjølve passar inn der.

«... Da kjem det sånn: 'Nei, eg er overkvalifisert. Der går det berre sosialklientar og innvandrarar'. Så har dei gløymt den utbetalinga i førre veke sjølv. Det er nokre som har ei holdning at jobbklubb er [...] det lågaste låge, og så ser dei kanskje ikkje seg sjølve i det sjiktet» (lite distrikt-skontor, Austlandet).

Fleire av informantane peika på dårleg forarbeid og manglande avklaring av behova til brukarane. Dette er årsaker både til at dei unge takkar nei og at dei fell frå undervegs i tiltaket. Det er viktig å avklara kva

for behov arbeidssøkjaren har, informera om aktuelle tiltak og jobba med motivasjon for å delta. Når nokre droppar ut frå tiltak kan det vera fordi ting har gått litt fort, at dei har vorte plassert inn i eit tiltak berre for at dei skal vera i aktivitet, eller at dei ikkje har motivasjon for å delta. Kanskje er det heller ikkje det rette tiltaket for dei. Nokre av dei unge kvir seg for å møta opp på tiltak. God informasjon på førehand kan gjera det enklare å møta opp. Det å ha ein god relasjon anten til ein rettleiar på NAV eller ein vaksenperson i tiltaket gjer at færre droppar ut. Dette er i tråd med funn frå andre prosjekt. Evalueringa av utviklingsarbeidet «Utsatte unge 17–23 år i overgangsfaser» viste at tiltak som inneber tett oppfølging frå ein vaksenperson er dei mest vellykka (Kristiansen og Skårberg 2010).

«I forhold til dei som ikkje har stønad, men som vil få hjelp av NAV og takkar nei til Jobbklubb, så prøver ein jo å seia at 'Men dette er jo faktisk ein god mogelegheit for å få hjelp'. Du har meldt deg hos NAV og da har du det fordi du har eit ynskje om hjelp, og da er Jobbklubb ein bra start'. Så vi prøver å rettleia litt på kva det kan gje. Dei som byrjar er jo fornøgde når dei fyrst går der, stort sett» (stort bykontor).

«Vi har for eksempel nokre på praksisplass som ikkje stiller. Og da tenkjer eg at vi er litt for tidleg ute, vi går litt for fort fram, dei er ikkje klare enda. Det er kanskje ikkje rett tiltak heller. Nokre gonger så er det nok litt sånn at vi dytter dei inn i noko fordi dei søker økonomisk hjelp. Det er med dei unge som søker økonomisk sosialhjelp at vi mislykkast oftast» (middels stort bykontor, Nord-Noreg).

«Og så er det ofte [...] det der med at dei ikkje veit heilt kva det er. Det der med å verta gjeve informasjon, kjenna eit menneske, ha ein relasjon til eit menneske i forhold til det å starta på nye ting [...] I forhold til [...] dei som kanskje ikkje tør å møta [...] fordi dei ikkje har fått nok informasjon. 'Kva er det kurset? Kor lenge varer det?' [...] Det å få informasjon og det å ha ein relasjon til ein rettleiar/oppfølgjar på NAV – veldig viktig!» (stort bykontor).

Kjelder

- Furuberg, Jorunn (2012): «Unge som blir arbeidslause», i *Arbeid og velferd* 1/2012, 40–49. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet.
- Hamre, Jørn Ivar (2006): *Evaluering av ordinære arbeidsmarkedstiltak påbegynt 4. kvartal 2004. Dokumentasjon og analyse av effekter november 2005*. Rapport 2006/ 27. Oslo–Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Hamre, Jørn Ivar og Magne Bråthen (2006): *Evaluering av ordinære arbeidsmarkedstiltak påbegynt 4. kvartal 2003. Dokumentasjon og analyse av effekter november 2004*. Rapport 2006/ 5. Oslo–Kongsvinger: Statistisk sentralbyrå.
- Hardoy, Inés (2003): «Effekter av ungdoms-tiltak: Er de noe å skryte av?», i *Søkelys på arbeidsmarkedet* 20(1), 45–52
- Hardoy, Inés, Knut Røed, Hege Torp og Tao Zhang (2006): *Ungdomsgarantien for 20–24-åringene: Har den satt spor?* Rapport 2006:4. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.
- Kristiansen, Inger-Hege og Anna Skårberg (2010): *Sluttevaluering av utviklingsarbeidet «Utsatte unge 17–23 år i overgangsfaser»*. NOVA Rapport 14/2010.
- Lorentzen, Thomas (2007): *Kunnskapsstatus for sosialhjelpsforskningen*. Fafo-rapport 2007: 33.
- Myklebø, Sigrud (2012): «Unge arbeidssøkere – hvem er de, og hva slags oppfølging trenger de fra NAV?», i *Arbeid og velferd* 1/2012, 50–61. Oslo: Arbeids- og velferdsdirektoratet.
- NAV (2012). *Historisk statistikk om arbeidsmarkedet. Samlet statistikk til og med 2011. Tabell 11 og tabell 6*. Henta 29.8.2012 frå: <http://www.nav.no/Om+NAV/Tall+og+analyse/Arbeidsmarked/Annen+arbeidsmarkedsstatistikk/Historisk+statistikk>.
- Raaum, Oddbjørn, Knut Røed og Hege Torp (2002): «Riktig satsing i arbeidsmarkedspolitikken?», i *Norsk økonomisk tidsskrift* 116(2), 167–184.